

Evaluering, 106, hausten 2014

Faglærars vurdering av

Gjennomføring

Dette kurset er felles for alle studentane på praktiske program 1. semester. Det har funne ei grei form, etter at det blei redusert noko hausten 2013.

Det består av:

- Tre tekniske forkurs
- Praktisk kurs i nyhetsjournalistikk (med to mappe-bidrag)
- Praktisk kurs i webdesign/grafisk design (med eitt mappe-bidrag)
- Praktisk kurs i videoreportasje (med eitt mappe-bidrag)
- Ei førelesingsrekke/eit seminar, retta inn mot refleksjonsnotat (mappebidrag)

Til saman inneber dette ein god del planlegging, logistikk og administrasjon. Me var heldige og fekk halda på alle deltakarane frå sist haust, med unntak av kursansvarleg i journalistikk. Her kom Kari Amble inn. Ho har lang og god erfaring, både som journalistikk og som kurshaldar. Ho gjorde ein svært god innsats sine tre veker.

Rammevilkåra

Lokala og undervisningsutstyret til dette kurset kan berre bli betre. Samtidig så har me klart å finna ei grei form, innanfor noverande ressursar.

Samla vurdering

Kurset fungerer godt, med dei rammene som finst. Håpet er at me får halda på brorparten av dei som er involverte i kurset dei par gjennomføringane som gjenstår.

Me bør forenkla administreringa av sjølve mappa: Dei enkelte kurslærarane bør ha myndighet til å «kryssa ut» dei mappebidraga som blir laga i deira kurs, slik at berre refleksjonsnotatet gjenstår ved endeleg innlevering. Studentane sleit ein del praktisk og teknisk med å få levert inn dei praktiske bidraga (spesielt webdesign/grafisk design). Det var unødvendig, sidan kurslærarane hadde gitt bidraga ei «førebelles godkjenning» alt. Til neste haust kan altså denne godkjenninga godt vera endeleg.

Lars Arve Røssland
18.12. 2014